

Vamp

31. oktober 2002 · Haavebua



311002_Vamp

Frå arkivet

GJESTEVOKAL: Rockeklubben hadde fått Kristin Schau til å synge duett med vokalist Vidar Johnsen på Hit-balladen "Tir n'a Noir". (Foto: Dag Frøyen)

- Og det har dei god grunn til. For den åttande og siste plata deira, "Månemannen", har selt til gull og fått terningkast seks i Akersgata. No er Vamp på sigersferd gjennom Norge. Vi treffe bandet etter at dei for fjerde gong gjekk av scena i Florø, og gjengen frå Coast Air-byen var i strålande humør. Dei hadde tydeleg merka at dei begeistra Haavebua. Det er eit fantastisk publikum her i Florø, var den første kommentaren vi fekk etter konserten.

Sjølv om den gamle vokalist Jan Ingvar Toft var eminent i front, klarer Vidar Johnsen å gi vokalen eit meir vidt uttrykk i dei store kontrastane vi opplever i Vamp sitt lydbilde. Johnsen har kjent gjengen i Vamp over mange år og hadde få vanskar med å passe inn, sjølv om gamlekarane i bandet hevda han song Whitney Houston-låtar då dei plukka han opp.

Vi hadde første konserten i Danmark, noko som var bra. For det var mange løgne tekstar der nede, humrar Johnsen. Han fekk også Florø-vokalist Kristin Schau med seg på suksessballaden "Tir n'a Noir" frå det første albumet "God morgen Søster". Den lokale vamp'en Skau hausta også jubel.

Bord og stolar For at bandet skulle få betre kontakt med publikum frå start av, hadde dei bedt arrangøren om at det vart sett bord og stolar ut på dansegolv. Det var det delte meiningar om dette var noko godt sjakktrekk. For etter kvart som bandet hadde sveiva publikum til dei store høgder, vart bordsete kloss i scena noko merkeleg. Dette var bandet det første til å vedgå.

Det er dels vår eigen feil at det blir slik då vi spelar på stor spennvidde. Vi gjer det heilt rolege til låtar som spelar på det vare og dynamiske, der vi ønskjer publikum skal lytte; til det drivande som engasjerer, seier fiolinist og frontfigur Øyvind Staveland.

Vamp høyrer heime i festivalhelga, då slektskapen til irsk musikktradisjon er der. Dei vakre tekstane og prestasjonane på alle instrument, vokal og i sum, samt kontakten dei hadde med publikum, gjorde denne torsdagskvelden minneverdig.

BLÅ: Frontfigur Øyvind Staveland viste at Vamp meistrar kunsten med å spele på det vare, melankolske og blå..... ". (Foto: Dag Frøyen)

DRIV:....Til det drivande mektige og engasjerande. (Foto: Dag Frøyen)

OM VAMP

Vamp-sound: Vamp har spelt saman i 10 år og fekk identiteten spikra i norsk musikk allereie frå det andre albumet. Derifrå og vidare har dei utvikla seg fram og tilbake på genrekartet utan at eigenarten har gått til spille. Det særeigne Vamp-uttrykket er det som gjer at dei kan skifte vokalist på plate nummer åtte og likevel hauste genirerklæringar for at dei nok ein gong innfrir.



311002_Vamp



HEILE ARKIVET
Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 52.